

Fau møte 4.Desember

Tilstade:

Ann-Kristin Håkonsund-Øistad

Ingrid Boga Møgster

Tommy Tveit

Ine Marie Sandal

Charlotte Solsvik

Anja Petterson

Robert Kaupang Sæle

Anne Olset

Kathrine Rykkje

Anette Henden

Evelin Revne

Kristian Taraldset via teams

Alle trinn representert

-Lego kafe

Det er satt av dato til lego kafe/loppemarked 11. Februar.

Elevrådet ynskjer loppemarked.

Her ynskjer me å få foreldre til elevrådet med på banen for gjennomføring.

Me må prøve å ikkje lage det altfor stort, vil ikkje sitte igjen med eit stort overskudd av ting som må på gjenvinninga etter arrangementet.

Anette skal høre med elevrådet på SU-møtet fyrstkommande Onsdag for å få avklart om dei vil ha loppemarked.

Det er satt ned ei arbeidsgruppe til Lego kafeen, Anja og Kathrine kan og vere med å bidra.

-Skulekatalog

Det har kome innspel fra skulen om at det er ønskeleg med ein skulekatalog, med biletar av alle elevane. Dette skal vere nyttig i skuleperspektiv, blant anna at man kan vise bilde av lærarar til elevar når nye lærarar skal inn på trinnet og lærarar kan sjå kva elevar dei skal ha.

Fau lurer på om det kan vere nok med eit hefte til intern bruk? Er det nødvendig å sende heim hefte med alle elevane?

-Søknad om midlar til laserkutter

Øyvind Heggstad har søkt om midler men ynskjer at Fau og kan hjelpe til med søknad slik at han kan få nok midler til å dekke kjøp av laserkutter.

Han nevner fleire fond man kan søkje hos:

Skolelystfondet

Gjensidigestiftelsen

Tilskuddsportalen

Det blei beslutta å lage ei søkeradsgruppe.

Ingrid B. Møgster, Anette Henden og Evelin Revne skal søke.

-Oppgradering av uteområde

Det er snakk om store summer, og her meiner me at det må kommunen, som skulen sin byggherre, ta tak i.

Mellomtrinnet ynskjer feks dissestativ.

Fau kan ta mindre prosjekt

Me har feks kjøpt sandleiker og ballsett. Det var totalt 150 deler, til ein sum av 4041,- kroner.

Fau kan vere behjelpelig inn mot kommunen om kva me ynskjer, og be om midler til oppgradering.
Det skal byggast/leverast ein kasse til å ha leiker i.

Det har og vore snakk om ei turløype fra skulen og til ungdomshuset. Her kan me kanskje samarbeide med barnehage og grendalag om å søkje midler?

-Utegruppe

Trengs det ei utegruppe?

Me beslutta at me kaller inn folk ved behov om noko skal gjerast.

-Trafikkgruppe v/Robert K.Sæle

Det skal vere møte/synfaring med leiar (samferdsel) fra fylket i morgen , tirsdag 5.Desember.
Fau fra ungdomsskulen har tatt kontakt og dei i samarbeid med Robert skal vere på dei og invitere tilbake i Februar, i åtte tida når det er verst med levering.

Me kan kanskje òg koble på Fau ved Stranda barnehage som ikkje får brukta heile nærområdet pga trafikkfarleg veg.

Går det an å få satt opp ein måleboks igjen for å sjå talet på trafikken?

Robert fortsetter jobben inn mot fylket og kommune

Me må og få elevane til å bruke refleks igjen. Dei dropper det pga mobbing.

Me må snakke med ungane våre om å krysse vegen når ein går av bussen. ALLTID vente til bussen har kjørt før ein krysser.

Foreldrekontakte skriv eit innlegg i facebook gruppene til klassene.

Går det an å få inn politi eller ambulanse for å få historier fra virkeligheten om kva som kan skje ved ulykker? For å få dei til å forstå alvoret.

-Open scene. Me heier på initiativet og synes det er fint at skulen legg til rette for dette.

-Dusjing etter gym.

Kan elevane dusje etter gym tidligare enn 5.trinn?

Me forstår tanken bak. Hadde det vore enklare å få dei til å dusje om dei var vant med det ifrå dei var mindre?

Tilbakemelding fra lærar er at det då vil gå veldig mykje verdifull tid vekk fra gymnèn.

Dei treng all den fysiske aktiviteten dei kan få.

Det er litt ulik praksis korleis enn gjer det når elevar har gløymt gymtøy. 7.trinn må ha gym uansett, medan 5.trinn må vente i gangen.

Her ynskjer me lik praksis. La alle ha gym uansett om dei har gløymt eller ei.

Det er så viktig med aktivitet, så får dei heller dusje heime.

Kva skjedde med fysisk aktivitet?

Er det tatt med i timeplanen istedenfor 1 time kvar 3.veke?

-Visjonen til Stranda skule; Trivsel, leik og læring-hand i hand mot framtida

Er det fokus på visjonen? Kan det bli meir leik og læring på mellomtrinn?

Skulevegring starter ofte på 5.trinn, kan det hjelpe elevar med meir aktiv læring?

Er det for lange økter? 60 minutter med læring, kan det evalueres og gå ned til 40-45 minutter og kortare pause?

Nokre elevar har for lite tid til å ete nista si. Er det eit gjennomgående problem, eller enkeltelever?

-Det har kome ynskje om innsikt i innhaldet i veke 6.

Det blir ikkje informert på forhånd. Dette er for at barn som kanskje blir utsatt for overgrep ikkje skal bli holdt vekke fra undervisning.

Alt ligg tilgjengelig på nett: Undervisningsportalen, sexogpolitikk.no ,[reddbarna.no](#) har gode informasjonssider.

-Pengeinnsamlinger

I haust har det vore vore mykje pengeinnsamlingar.

Ubehagelig å påføre foreldre den ekstra utgifta, og det er sårt for elevane når det kjem ein tom konvolutt. Sjølv om det er anonymt får elevane med seg om dei gjer eller ikkje

Skulane skal vere gratis og me meiner ein bør kutte ned på innsamlingane.

Det er fint at me støtter organisasjoner som feks Håpet, men det må informeres direkte til foreldre om ein Vipps konto som går utanom ungane.

Spesielt i desse dagar kor forskjellane aukar.

-Blir ressursane som skal vere ekstra i timane tatt vekk i forbindelse med feks heimkunnskap?

Me i Fau meiner dette må taes opp med leiinga då me ikkje har innsikt i korleis dei fordeler ressursane.

Om det er lærarar som er fortvila over dette så må dei ta det opp med arbeidsgjevar..

-Morgonsamling

Kan man informere tidligare om tidspunkt for morgonsamling?

Det er vanskelig å ordne seg fri på kort varsel.

I år vart det og ein lang pause mellom morgonsamlinga og kafeen. Det er lenge for foresatte og vente 30 minutt, nokon skal tilbake til jobb. Noko å tenke på til neste år.

-På 1.foreldremøte så bør foreldrekontakten ta opp mobilbruk og sosiale medier, så er det enklere for foreldre å lage ein felles standard.

-Foreldre og elevmøte til våren

Kva med obligatorisk oppmøte for elevane for for å få fleire foresatte til å delta?

Dette er gjort på andre skular med godt resultat.

Finne eit aktuelt tema

Forslag: nettvett og ordbruk i sosiale medier.

Konsekvens ved nettmobbing

Organisere

Referent

Evelin Revne

